

Andakt til skjærtorsdag ved Ingrid Finsådal, sokneprest i Austefjord og Kilsjord

«Vask hendene!»



Det har vært ei av oppfordringane frå helsemyndigheitene til oss alle dei siste vekene. Gjer det du kan for å hindre smitta og vask hendene. Reinleik er nemleg eit viktig våpen mot den usynlege fienden vi alle står ovanfor no. Viruset tåler ikkje såpe og vatn.

At reinleik er viktig for å bekjempe virus og bakteriar er ikkje noko nytt i dag. Det har legevitenskapen visst i lang tid. Samtidig veit vi at det ikkje er alt vondt her i verda som forsvinn med såpe og vatn. For også i Koronaens tid – sjølv kor flinke vi er til å vaske hender og halde fysisk avstand - treng vi be til livets Gud om hjelp. Vi treng eit nådig og kjærleg nærvær midt i alt det som vil bryte ned og øydelegge oss og det gode fellesskapet vi er skapt til å leve i.

Skjærtorsdag minner oss om dette. At vi treng noko og nokon utanfor oss sjølv. Livet er sårbart og vi er avhengige av kvarandre og av Gud.

Det var også det Peter oppdaga då Jesus sette seg ned for å vaske føtene hans. Ikkje rart at han vart oppskaka og nekta då Jesus - han dei kalla for Herre og Meister - gjekk inn i ein tenar sine oppgåve og byrja vaske føtene hans. «Aldri i æva om du skal vaske føtene mine!» seier Peter. Men Jesus svarar: «Dersom eg ikkje vaskar deg, har du inga del i meg.» Jesus visste nemleg at den skikkelige vaskejobben – den som skulle vaske bort alt det vonde både i oss og rundt oss her i verda – den kunne og kan berre Han, Guds eigen Son gjere.

Vidare utfordra han læresveinane sine – og han utfordrar oss – til å gå inn i same tenarrolle som Han for våre medmenneske.

Han sa ikkje at vi skulle påpeike andre sine feil og manglar for sjølv å kome godt ut av det. I staden sa han: Ta først bjelken ut av ditt eige auge! Då ser du klårt og kan ta flisa ut av auget til bror din.

Han sa ikkje at vi skulle tru vi var viktigare enn andre. I staden sa han: Den siste skal bli den fyrste.

Han sa ikkje at det alltid kom til å bli lett. I staden sa han: Ten og elsk kvarande, slik eg fyrst har gjort det.

Og fordi han veit at vi alle menneske er bundne av denne verdas destruktive krefter, sa han heller ikkje at berre du prøver hardt nok, kan du bli heilt rein på eiga hand.

I staden sa han: Dersom eg ikkje vaskar deg, har du inga del i meg.

Legen Kahve Rashidi skreiv i Aftenposten litt tidlegare i mars at: «Koronaviruset er for meg, som for de aller fleste, det eneste som nå surrer rundt i hodet.» Men som ei oppmuntring, skriv han også vidare: «Det som er sikkert, er at dette tar slutt. Da skal jeg klemme hele tiden.» Det gjev håp midt i krisetida.

Eit slikt håp fekk vi også i enda større skala i påska. Eit håp om at alt det som er vondt ein gong ikkje skal vere meir. For «Han skal tørka kvar tåre frå auga våre, og døden skal ikkje vera meir, og ikkje skrik og ikkje pine. For det som ein gong var, er borte.» (Op 21,4) Enn så lenge må vi leve dagane vi har her nå i uvisse. Men sjølv no skal vi få ha den tru og det håp at vi ikkje er aleine. Gud er med oss også nå – midt i krisa, midt i all bekymring og uro. For det har han også lova oss